

DET NORSKE TEATRET

Musikar **ESPEN LEITE**

Regissør **GJERTRUD JYNGE**

Dramaturg **OLA E. BØ**

Inspisient **HEDDA RØNNEBERG**

Sceneansvarlege **TRYGGVE ILDAHL/PELLE DENGSØ**

Kostymekoordinator **TOVE SVARTSUND**

Rekvisittkoordinator **FINN KIRKEBY**



**FOTO** Siren Høyland Sæter
**GRAFISK FORMGJEVING** Making Waves
**TRYKKERI** Print House

# FRÅ LANDEVEGEN

AV OG MED GJERTRUD JYNGE

**SONGAR I FRAMSYNINGA**

*Hjelp* (Salme av Elias Blix trykt i bladet Fra Landeveien)

*Mustalainen*

*Spel, sigøynar, spel*

*Fattig sigøynarbarn*

*Dei romaniske folkebarn* (Trad./Laila Yrvum)

*Visa om haustvinden*

*Eg var ung*

*I det fattige torpet*

*Somme dei går i fillete sko* (Cornelis Vreeswijk trykt i *Samlade sånger* 2000)

*Eg er på vandring*

*Ava kei* (Tekst og musikk Laila Yrvum)



Når ikkje anna er nemnt er songane henta frå *Romanifolkets visor* ved Ralf Novak-Rosengren/ Marie Länne Persson og *Viser frå et folk på vandring* ved Laila Yrvum/Lasse Johansen Alle songane er omsette av Ola E. Bø

**URPREMIERE 17. APRIL 2015 PÅ SCENE 3**

**TAKK TIL**

Familien min og alle som har hjelpt til med smått og stort. Ei særleg takk til Laila Yrvum for lån av songar og for viktig støtte og inspirasjon, og til Kai Johnsen for hjelp med manus og regi.

## FRÅ LANDEVEGEN

Eg arva ein del gamle fotografi frå farmora mi. Dei hang over senga hennar og ho likte å fortelje om dei som hang der. Der hang også tippoldefar min, som farmor var så stolt av, soknepresten i Leikanger i Sogn, med St. Olavs orden på brystet. Riddar av første klasse. Jakob Rosted Suur Walnum.



Ein prest som fekk eit kall, han fann ei misjonsmark her i Noreg, *"...et hedningefolk på norsk jord, nedsunket i drukkenskapog elendighet"*, som han sa. Omstreifarfolket, dei heimlause, taterane. Han starta "Foreningen til motarbeidelse av omstreifervesenet" i 1897, ein misjon som både dreiv barneheimar og arbeidskoloniar.

*"Vi frykta presten og misjonen mer enn djevelen"*, seier den kjende romanimusikaren Elias Akselsen, *"djevelen visste vi kordan vi skulle sloss mot"*.

*"Jakob Walnum var den fremste korsfareren mot tatrene i nyere tid"*, skriv historikaren Olav Rune Ekeland Bastrup.

Eg kjende eit ubehag over det store spriket i framstillinga av tippoldefar. Det var historier her som ikkje var fortalde, samanhengar eg ikkje kjende til, ei skamkjensle det ikkje var godt å leve med, ting eg måtte finne ut av. Ei forteljing eg som etterkommar og skodespelar kjende ei slags plikt til å formidle.

Gjertrud Jynge

FØLG OSS

Facebook: detnorsketeatret
Twitter: @detnorsketeatre
Instagram: #detnorsketeatret
Bruk emneknagg #detnorsketeatret for å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.

DETNORSKE  MAKING WAVES  OBOS

www.detnorsketeatret.no
**BILLETTLUKA:** 22 42 43 44